

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2184 - 19/20615

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
27.06.2019

Helseverngodkjenning - Sagstad skule

Sagstad skule vart ferdigstilt etter utbygging og rehabilitering våren 2018. Utearealet vart utvida og lagt til rette for elevane med eit allsidig og variert uteområde våren 2019.

I samband med utbygging og rehabilitering søkjar Sagstad skule om godkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» for ca. 550 elevar.

➤ Saksutgreiing

Sagstad skule vart bygd på 1960-talet og har vore utbygd på 1970- og 1980-talet, samt i 2008. Den 26.11.15 mottok Miljøretta helsevern ei plan for eit tilbygg på ca. 1 700 m². Det har vore dialog mellom Miljøretta helsevern og bl.a. rektor, teknisk og plan rørande tilbygg og uteområde.

Den 20.5.19 sendte skulen søknad om godkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» til Miljøretta helsevern. Søknadsskjema inneheldt relevante opplysningar saman med vedlegg (vår ref. 14/2184 – 19/17352).

➤ Tilsyn

Tilsyn for å vurdere om det var grunnlag for å utstede helseverngodkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» (forskrifta) vart utført den 26.6.19.

På tilsynet møtte:

Magne Lædre (rektor) og Grethe Elin Mjelde (teknisk-hygienisk ingeniør v/miljøretta helsevern).

Det er 454 elevar ved skulen i 2019, og 72 tilsette.

Skulen er berekna for ca. 550 elevar i fylgje opplysningar gjeve i søknad og av leiar for teknisk drift og vedlikehald.

Tilbygget er blitt ei naturleg del av skulen, og dei fleste inneareal er oppgradert og står fram som nye.

I den eldste del av skulen er nokre klasserom og spesialrom ikkje vore rehabilitert/oppgradert med omsyn på overflatar (golv og vegger). Romma har fått nytt ventilasjonsanlegg og nye vindauge vil vere monterte før hausten 2019. SFO-bygg som innehald SFO og klasserom for 1. og 2. klasse har eldre ventilasjonsanlegg, og har ikkje vore oppgradert/rehabilitert. Ventilasjonsanlegget fungerer som det skal i fylgje leiar for teknisk drift og vedlikehald.

Det bør lagast ei plan for oppgradering/rehabilitering av klasserom, spesialrom og SFO-bygg som ikkje har vore oppgradert. Eldre golvbelegg kan vere vanskeleg å reingjere, og vil kunne føre til tyngre arbeid for reinhaldar. Nye golvbelegg og ev. veggflater bør vurderast.

Uteområdet er utvida og står fram som særst flott, og vil gje gode moglegheiter for allsidig leik- og avkopling for elevane. På uteområdet er den gamle symjehallen omgjort til eit fysisk rom med bl.a. skatebane og klatrevegg. «Fysak» vert nytta i storefri.

- **Heimel**

Folkehelseloven, kap. 3 og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i skulen" (IS-2073).

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.. trådte i kraft 1.1.1996.

§ 6; Krav om godkjenning: Virksomheter som omfattes av forskriften, jf. § 2, skal være godkjent av kommunen.

➤ Oppsummering og vurdering

For at skulen skal kunne godkjennast etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.», skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Vurdering - Syner til vedlegg 1 «Gjennomgang og vurdering – 26.6.19».

- Det vart funne **0 avvik** og **2 merknader**.

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Sagstad skule oppfyller vilkåra for godkjenning.

Merknader:

- § 13; Reingjering og vedlikehald
 - Plan for rehabilitering/oppgradering av klasserom, spesialrom og SFO-bygg (som ikkje har vore oppgradert) bør inn i ei handlingsplan.
- § 23; Sanitære forhold
 - Montere skåldesperre på vasskraner for dei minste borna (1. og 2. klasse).

➤ Delegert vedtak

Sagstad skule godkjennast med heimel i § 6 i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» for inntil 550 elevar.

Godkjenning er gitt med bakgrunn i gjennomgang av søknad med vedlegg, samt synfaring på skulens inne- og uteområde den 26.6.19.

Ved vesentlege endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjenning. Ved tvil kan man ta kontakt med Miljøretta helsevern.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune). Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

Vedlegg 1: Gjennomgang og vurdering – 26.6.19

Link:

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v..
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler
<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Kopi til:

Anny Bastesen
Magne Lædre
Martin W Kulild
Paal Tonning
Ronny Landaas